

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

**Avdeling for
Kultur og folkehelse (KFO)**

Dato	08.06.2023
Vår referanse	2023/57540-6
Dykkar referanse	23/2301
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

**Kulturminnefagleg fråsegn Søknad - bygging av landbruksveg - gnr. 49 bnr. 2
- Fjellsbø Søndre - Alver Kommunen**

Vi viser til brev datert 12.04.2023 og vår e-post sendt 18.04.2023 om tilleggsinformasjon, der vi ber om kart som viser hele vegtraseen. Tilleggsinformasjon er mottatt 24.04.2023. Vi beklagar sein tilbakemelding. Saka gjeld søknad om bygging av landbruksveg. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde.

Det er søkt om å bygge ny åtkommeveg til Fjellsbø Søndre i Alver kommune. Vegen er oppgjeve til å vere om lag 400m, i vegklasse 2.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket i konflikt med automatisk freda kulturminne, men det ligg eit SEFRAK- registrert hus nær delar av omsøkte trasè. Potensial for funn vert vurdert som lågt. Vi ber likevel om at ein under opparbeidning av tiltaket tek omsyn til kulturlandskapet og unngår inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket har grunneigar/tiltakshavar plikt til straks å gje Vestland fylkeskommune melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd. Vi ber om at kommunen tek dette inn i sitt løyve slik at det vert gjort kjent for grunneigar/tiltakshavar.

Vestland fylkeskommune har elles ingen andre avgjerande merknader i saka.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

